



Tysvær SV

Ty**SV**ær utan **SV** går ikkje!

Val 2023



For dei mange
– ikkje for dei få

Skann QR-koden
for heile
programmet



Saman om..

Saman om eit varmare samfunn!

Kva legg me i dette velkjente uttrykket? For oss handlar det om tillitsfulle relasjonar mellom menneske og om respekt for naturen og livsgrunnlaget vårt.

SV definerer seg som eit sosialistisk og antirasistisk parti for likestilling, miljø og fred. Tysvær SV sitt program tar utgangspunkt i kommuneplanen der politikarar, administrasjon og innbyggjarar saman siktar mot ein ansvarleg økonomi, aktive og inkluderande lokalsamfunn, god næringsutvikling og eit grønare samfunn.

Stikkordet er berekraft. SV vil ikkje ha «Meir av alt – raskare», men å leggja tillitsskapande tiltak, folke- og naturhelse til grunn for all utvikling. Her er samsvar mellom ord og handlingar avgjerande viktig! Dette manglar dessverre altfor ofte i «Det grøne skiftet».

FN og Tysvær sine berekraftsmål

- *Styring basert på forståelege rapportar. Unngå veksande byråkrati og eksterne konsulentar
- *Trygge tenester i lokalmiljøet frå vogge til grav. Gjera dei tilsette i stand til å utføra jobben sin basert på fagleg skjønn, kreativitet og samarbeid på tvers
- *Styrkja Tysvær-identiteten, språket og levande bygder
- *Auka grad av sjølvforsyning og

- samfunnssikkerhet. Støtta opp om primærnæringane
- *Klima- og miljørekneskap i alle verksemder. FN sin Naturavtale gjeld også i Tysvær
- *Kommunal støtte til energieffektivisering, solceller
- * Næringsutvikling på naturen sine premiss. Støtta opp om små og mellomstore bedrifter



Prioriteringar

- Forsøk med leksefri heildagsskule med eit måltid. Meir leik, fysisk aktivitet og kreativitet i skulekvardagen, målretta databruk
- Fleksible, mobile helsetenester. Bufellesskap i alle delar av kommunen. Livsløpsstandard og klimavenlege hus
- Heller bevara institusjonstilbod på Nedstrandstunet ennsentralisering av vitale tenester. Ta godt vare på dei pårørande
- Ta vare på urørt natur, restaurera øydelagt natur
- Folkehelseperspektivet i tilknytning til vindindustrien må løftast fram. Nei til ny vindindustri!
- Heller Haukelibanen enn ny E39. Kollektive tilbod heller enn auka privatbilisme. Energieffektivisering på alle nivå



1. kandidat

Hildegunn Flengstad (48)

Daglig leiar SFO

Alle i Tysvær skal ha det trygt og godt uansett hvor de bor. Barn og unge skal ha like muligheter og gode oppvekstvilkår. Natur, miljø og folkehelse må få økt fokus. Nei til vindkraft og monstermaster!



2. kandidat

Henning Bratthammer (55)

Lærar landbruk

Jobba for at velferd skal vera profittfri og at alle skal ha heile stillingar. Ta vare på miljø og få til klimarekneskap i alle kommunale prosjekt. Brenn elles for at alle skal ha like moglegheiter og eit samfunn som er bra å leve i.



3. kandidat

Synnøve Bredal Bjelland (69)

Pensjonert psykiatrisk sjukepleiar

Ytringsfridom, etikk, tillit og eit levande demokrati. Begrep som likeverd og respekt må utvidast til òg å omfatta naturen. Ta meir omsyn til dei sårbare blant oss. Samarbeid heller enn konkurranse!



4. kandidat

Jan Øvernes (65)

Pensjonert lærar

Opptatt av å vera på naturen si side i forvaltingssaker og fornuftig bruk av energi og ressursar. Er elles opptatt av levande bygder og eit godt kultur og idrettstilbod i heile kommunen. Nynorskmann på sin hals!

Tysvær SV

**v/Henning Bratthammer
Hinderåvåg 202 pb 16,
5562 Nedstrand**

**Meld deg inn
i SV her:**

